

Ta vare på perla i Ålfjorden!

Windafjord Port er eit planlagt industriområde for samanstilling av havvindturbinar på Dommersnes i Vikebygd. Industriområdet blir på 530 mål (530 000 m²) dersom alt går etter planen, noko som tilsvarer 77 fotballbanar. Havvindturbinane ferdig samanstilt vil vera rundt 200 meter høge. Til samanlikning er Oslo Plaza tredje høgaste bygningen i Noreg med sine 117 meter. Alnaåsen på nordsida av Vikebygd er 239 meter høg. Desse havvindturbinane vil liggja på rekkje og rad ute i Ålfjorden i påvente av slep ut på havet. Industriområdet vil bli fylt av pendlande arbeidarar som vil bu i brakker på området og jobba døgnet rundt på skift. Industrien vil gi frå seg mykje støy og lys, og det vil vera mykje trafikk til og frå industriområdet, primært med stor aktivitet på fjorden.

Vikebygd er ein kjent turistattraksjon og ein kjent hytteplass. For dei ca. 550 fastbuande er Vikebygd kjent som ei samansveisa bygd, kor sambygdingar hjelper kvarandre, kor ein slår av ein prat på den lokale daglegvarebutikken, og kor ein frå Trodlanibbå har ein av dei finaste utsiktene i Noreg over ei vakker bygd omgitt av den flottaste naturen Noreg har å by på.

Blir industriplanane på Dommersnes realiserte, vil Vikebygd og Ålfjorden bli assosiert med storindustri. Bygda vil bli uattraktiv. Bygda vil oppleve fråflytting. Turismen vil døy ut. Bustadprisane vil stupa. Dei som påstår noko anna tar feil.

Windafjord Port kan stoppast! For at industriplanane skal realiserast, må området omregulerast, noko som betyr at det må behandlast av politikarane i Windafjord kommune. Din signatur kan hjelpa politikarane til å stemma mot planane i kommunestyre og formannskap.

Me i aksjonsgruppa *Bevar Ålfjordens perle!* tilbyr å henta din signatur heime hjå deg. Signer under og ring eller send SMS til Jon Magne eller Hans Olaf, så avtalar me henting. Du kan også signera på Joker Vikebygd eller på internett. Alle over 16 år i husstanden kan signera. Jo fleire som signerer, jo betre!

Illustrasjon for å visa storleik på baksida av ark.

Opprop/underskriftskampanje/meir informasjon: <https://www.oppop.net/alfjordensperle>

Vennleg helsing,
Jon Magne Svendsbøe – 481 88 430
Hans Olaf Aakre Myrvang – 484 84 702
Bevar Ålfjordens perle!

Fornamn

Etternamn


Adresse

Stad


Signatur

Kryss av her dersom du ikkje ynskjer at signaturen din blir vist offentleg.

Ved å signera gir eg Hans Olaf Myrvang og Jon Magne Svendsbøe fullmakt til å overlevera informasjonen som eg gir på dette skjemaet til dei som har moglegheit til å gjera noko med denne saka.



Havvindturbinane ferdig samanstilt vil vera rundt 200 meter høge.



530 mål tilsvarer 77 fotballbanar.